

BYGDO

Av Olaf Agnar Gausvik

I lyrikken er det ein sjangar som har fått namnet "topografiske dikt". "Nordlands trompet" av Petter Dass er eit døme på det. Sjølv er eg utruleg glad i sørlandsdiktet "Sør" av sogndølen Paal-Helge Haugen som på ein meisterleg måte har skildra landsdelen og folket. Som fuskar i faget har eg no på ettervinteren site og leika litt med ein del barndomsminne og prøvt å setja dei saman på ein versifisert, men enkel, lettfatteleg og rimlaus måte.



Vyrde uskedelingar,
trauste og trugne fastbuande,
sære einstøingar, motige innflyttarar
og bortkomne, rotlause utflyttarar,
vidsynte, reisevante verdsborgarar
og seige, sidrumpa heimfodingar,
alle opplesne og rekna under eitt,
kjemde med same grovtinda kam,
og med det underlege til felles
at vi kjenner oss heime her
i dette grisgrendte bygdesamfunnet
utan definert utkant eller sentrum,
slik det strekkjer seg vidt og breitt
frå det blinkande fyret i Skorpegavelen
til den einøygde lykta på Ljosnes,
frå eit blankt og blikrande Storsund
og like opp til Friheim og Fjellandsbø.

I "ytre luten" var "uskedelingar"
dei avbrende og ubrukelege
fyrstikkene
som vart lagde nedatt i eska
saman med heimerulla, halvøykte
og nikotingule sigarettneipar.
"Huff, her var det mange
uskedelingar,"
sa dei svivørdsleg neste gong
dei opna den oskesvarte stikkedåsen.



Gavelen på Skorpo

Fy flate kor ufordrageleg frekt!
Skulle det liksom vera takka
frå desse "gode grannane"
som i fleire år hadde fått berga
heile den frøge 17. mai-feiringa si
fordi musikklaget vårt hadde spelt
lange marsjar så dei kunne trø i takt
like frå Sunde til Undarheim.

Olaf Agnar Gausvik har skreve eit mektig dikt om Uskedalen

Medarbeidarane har fått mykje ogvelfortent ros for Uskedalsposten.**Sommarnummeret som kjem i handelen denne veka, er etter mi meining det beste nummeret som er kome ut til no. Det er eit produkt dei skal vera verkeleg stolte av !**

I tillegg til at den faste staben av unge og eldre medarbeidarar presenterer mykje godt stoff, har dei denne gongen særst interessante bidrag frå to eksterne skribentar. Olaf Agnar Gausvik har også tidlegare presentert mykje stoff av høg kvalitet i Uskedalsposten sine spalter. Denne gongen har også utflytt matrebu, Nils Lyngnes, bidrege. Lyngnes har sterke band til bygda vår, og vi hugsar han frå ein del år tilbake då han ofte trollbatt Helgheimspublikumet, -enten som talar, kjøgemeister, stand-up`er (før vi kunne det ordet), ja, som ein sikker underheldar med både ablegøyer og alvor.

Seinare har han drive mest i Nord-Rogaland, og karakteren "Heilt Nils" er velkjend frå både revyar og radioprogram.

Det er godt kjent at både Gausvik og Lyngnes har ordet i si makt. Dei har eit sikkert grep om tastaturet, og dei har og det til felles at begge har gjeve utbøker til glede for andre.

Gausvik har denne gangen med to dikt. I det topografiske diktet "Bygdo" skildrar han Uskedalen og uskedelingane på ein meisterleg måte svært smakfullt illustrert med flotte og godt tilpassa bilete. Det skal god lokalkunnskap og særst gode lyriske evner til for å skapa noko slikt. Bygdahistorien og bygdamiljøet vert framstilt på ein framifrå måte. Eit meisterverk frå den omtykte dikteren. Flott er og det andre diktet han har med: "Eg veit ein dal". Eg spår at begge desse dikta vil verte mykje brukt av uskedelingane i framtida.

Lyngnes tar utgangspunkt i ein tur som han var turleiar for sist sommar, og fortel om Skaravegen mellom Matre og Uskedalen som vart mykje brukt i tidlegare tider. Her vert lokalhistorie krydra med Lyngnes og andre sin opplevingar frå dei mange turane over Skaret. Og det ermange spreke opplevingar. Det slår megat dette er frå så nær fortid. Nils Lyngnes formidlar dette så interessant at eg tenkjer på kor heldige deltakarane på turen med denne kunnskapsrike og fargerike turleiararen sist sommar var. Dei hadde garantert ein kjekk og lærerik tur.

Diktaren Nils Lyngnes presenterer seg og. Det passar svært godt med diktet "Sti nr.1 – Dikt om Skaravegen". Han meistrar den kunsten og.

Den tekniske kvaliteten på Uskedalsposten har heile tida vore god. Denne gongen er den faktisk endå betre! Alle dei 44 sidene trykt i fargar. Dette er forklaringa på at prisen er sett opp til 50 kroner, fortel Tore Mathiesen, som er leiar for Hobbyklubben som står bak omtykte produktet. Bildebruken er og meir forseggjort og betre tilpassa. Det flotte bladet er trykt i AFA AS sitt trykkeri.

Det er mykje godt stoff som av plassomsyn ikkje er nemnt i denne omtalen. Det finn de når de kjøper dette populære bygdabladet. Det vert å få kjøpt på dei vanlege utsalsstaden frå onsdag eller torsdag.

Sommarnummeret av Uskedalsposten er eit lokalkulturelt verk som vi ikkje vert ferdig med etter ei gjennomlesing. Dette kjem vi til å ta fram med jamne mellomrom og kosa oss med. Og det vil skje ganske så ofte!

Av Thor Inge Døssland